

## Det er på tide å rapportere vassverkdata for året 2018

De har eit vassforsyningssystem som produserer minst 10 m<sup>3</sup> drikkevatn i døgnet. Det svarer vanlegvis til at det forsyner minst 50 menneske eller 20 bustader/hytter med vatn.

Godt drikkevatn er av stor samfunnsmessig tyding, og plikta til å rapportere data om vassforsyninga er stadfesta i forskrift om vannforsyning og drikkevann (drikkevassforskrifta). Slik hjelp de Mattilsynet med å sikre vassforsyninga i ein beredskapssituasjon og med å føre tilsyn med vassforsyningssystema. Mattilsynet leverer og data til ei rekke andre aktørar, som Statistisk Sentralbyrå, Folkehelseinstituttet og EU. Dataa vert nytta i viktige politiske avgjerder, både lokalt og nasjonalt.

Du som vassverkseigar har også ifølgje drikkevassforskrifta plikt til å informere publikum om forhold omkring vassforsyninga og kvaliteten på drikkevatnet.

### Frist for innrapporteringa er 15. februar 2019

Om du gir mangelfulle opplysingar kan det leie til at rapporten blir sendt i retur. Om du ikkje rapporterer innan fristen, eller unnlét å rapportere, kan det leie til tvangsmulkt.

#### *Korleis rapportere*

Rapporteringa gjer du på internett gjennom Mattilsynet si skjematjeneste. Du kan gå inn via [www.mattilsynet.no](http://www.mattilsynet.no) under tema «Vann» og vidare «Vannforsyningssystemer». Under overskrifta Skjema: klikk på linken «Årlig innrapportering av vannforsyningssystemer».

Her ligg også rettleiing til innrapporteringa. Les ho før du startar.

#### *Viktig*

- Svar på alle felta.
- Kontroller at riktig kontaktperson og kontaktinformasjon ligg inne.
- Det er viktig at de legg inn riktige opplysingar om alternativ og reservevassforsyning. Legg inn kor mange personar den alternative vassforsyninga kan forsyne, og kor lenge dei kan forsynast.

#### *Ting å vere klar over*

- Kontroller at tala du legg inn er riktig. Dette gjeld særleg for analyseresultata.
- Bruk same eining som i drikkevassforskrifta. Resultatet frå laboratoriet kan vere angitt i mikrogram (µg), medan forskrifta nyttar milligram (mg). 1 mg svarer til 1000 µg. Eksempel: laboratoriet gir verdien 200 µg/l. Skriv det som 0,2 mg/l i rapporteringa.
- Det kan løne seg å ta kontakt med laboratoriet de bruker. Dei kan ofte lage ein samlingsrapport for analyseresultata i den forma som skal rapporterast inn.

Med venleg helsing

Mattilsynet